



*Sogn og Fjordane, Hordaland, Møre og Romsdal*

Arbeidsdepartementet  
Einar Gerhardsen plass 3  
Postboks 8019  
0030 Oslo

Molde 14.oktober.2010

## **Høringsfråsegn: NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering"**

### **Bakgrunn:**

Eit ekspertutval har føretatt ein gjennomgang av hjelpemiddelområdet for Regjeringa. Holteutvalet sitt forslag blei lagt fram 4. mai i NOU 2010:5. Utvalet foreslår mange endringar.

I dag er hjelpemiddelområdet heimla i folketrygdlova og hjelpemidla blir finansiert av staten til brukarar med varige funksjonsnedsetjingar. Kommunane har finansieringsansvaret for hjelpemidlar ved midlartidige behov. NAV Hjelpemiddelsentral i fylka har spesialkompetanse på området og samarbeider nært med kommunale fagfolk for å gi funksjonshemma eit tilbod i nærmiljøet. Rettigheter i folketrygdlova og statleg finansiering sikrar funksjonshemma eit mest mogleg likeverdig tilbod, uavhengig av bustad, alder og økonomi. Gråsoner er systematisk bygd ned gjennom utviklinga av formidlingssystemet. Skolehjelpemiddel blei overført frå kommunar og fylke til folketrygda i 1997 fordi det var så store forskjellar.

### **Holteutvalet foreslår å overføre ansvar frå stat til kommune**

Utvalet foreslår eit systemskifte der hjelpemiddelområdet blir splitta opp og lagt over på den enkelte sektor. Rett til hjelpemidlar blir tatt ut av folketrygdlova. Utvalet foreslår å overføre mykje av dagens statlege ansvar til kommunane for å oppnå meir heilskaplege løysingar og kostnadskontroll. Hjelpemiddel i barnehage, skole, bustad og daglegliv (dagens bestillingsordning) blir foreslått finansiert gjennom rammeløyving til kommunane. Utvalet foreslår at eit lovutval skal gå gjennom det juridiske på området.

### **Konsekvensar for kommunane**

Dersom utvalet sitt forslag blir realisert, vil nye oppgåver blir lagt til kommunane utan sikring for at pengar følgjer med. Kommunane får ansvaret for å finansiere hjelpemiddel i barnehage, skole, bustad, og daglegliv, samt det faglege ansvaret for å formidle rett løysing til brukarane. Ca 40 % av kommunane har ikkje ergoterapeut. Kommunane får ansvaret for vedtak, innkjøp, lagerhald, reparasjonar, resirkulering og marknadsoversikt. Hjelpemiddelsentralane driv i dag ei omfattande kursverksemd for kommunane og har ansvar for å skaffe til veie og kvalitetssikre hjelpemidla, også innan bestillingsordninga.

PricewaterHouse Coopers viste i si delutgreiing for utvalet til at dagens system er formålseffektivt og at kommunane har stor nytte av hjelpemiddelsentralane.

### **Konsekvensar for hjelpemiddelbrukarane.**

Livet blir delt opp i sektorar der du må vende deg ulike stader for ulike hjelpemidlar til barnehage, skole, arbeid og daglegliv. Gråsoner vil oppstå i overgangane mellom barnehage/skole/arbeid. Utan retten til hjelpemidlar i folketrygda, vil tilgangen til rett hjelpemiddel bli ei budsjettsak innan den enkelte sektor i kommunen. Barn med behov for hjelpemidlar i skolen må konkurrere med andre gode formål som skal dekkjast av skolen sitt budsjett. Forskjellen frå før 1997 vil oppstå igjen, med konsekvensar for barna si utvikling.

### **Betre løysing er**

- Vidareføre dagens formidlingssystem med lovheimling i folketrygdlova for alle hjelpemidlar slik at funksjonshemma blir sikra eit likeverdig tilbod og tilgang til nødvendige hjelpemidlar.
- Byggje vidare på den oppgåve- og ansvarsdelinga som er nedfelt i folketrygdlova, i kommunehelselova og i samarbeidsavtalar.
- Styrkje rehabiliteringstenesta i kommunane. Satse på ergoterapitenester.
- Styrkje vaktmeistertenesta i kommunane for reparasjon og montering.
- Forenkle rutinar og saksbehandling ved hjelpemiddelsentralane.

Samarbeidsforumet for fylkesrådene for funksjonshemmede i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal meiner at NOU 2010:5 "Aktiv deltaking, likeverd og inkludering" sitt forslag om å overføre dagens statlege ansvar for hjelpemidlar til kommunen må avvisast.

Dei økonomiske utfordringane kommunane står overfor gir lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemidlar må vere uavhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi.

Staten bør i staden forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å bidra til å styrkje ergoterapi- og rehabiliteringstenesta i kommunane, samt styrkje vaktmeistertenesta for reparasjon av hjelpemidla.

Folketrygdlova vert endra slik at det samstundes kan ytast stønad både til arbeidshjelpemidlar og VTA (varig tilrettelagt arbeid)

For Samarbeidsforumet

Åse. E. B Slatlem  
- rådgiver –  
Møre og Romsdal fylke

Kopi :